

Forvaltningsstyret

Møteprotokoll

Møtedato: 12.06.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:00 - 12:45

Til stades:	Parti
Inger Auestad Havn	AP
Arnt Ove Rødne	H
Olav Halsne	KRF
Reidunn Østhus	KRF
Eline Wolden Bersagel	V
Kjell Harald Lunde	V

Fråverande:	Parti	Vara	Parti
Bodil Nesvik Engstrøm	H	Rasmus Hidle	V
Birger Wikre Hetland	SP		
Kai Petter Flesjå	SP	Eli Lindanger	SP

Ugild	Sak	Vara
Reidunn Østhus	063/19	
Eli Lindanger	065/19	

Finnøy
12.06.2019

Olav Halsne
utvalsleiar

Saksliste:

Sak nr.	Saktittel
056/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
057/19	Godkjenning av møteprotokoll
058/19	Delegasjonsaker
059/19	GNR 24 BNR 1 - naust, brygge og servicebygg - dispensasjon - Jan Terje Vignes - Lausnesvegen 193, Finnøy
060/19	GNR 15 BNR 1 - Deling av eigedom - dispensasjon - Hesby Auto AS - Finnøy
061/19	GNR 9 BNR 6 - dispensasjon - frådeling av bustader ved bruksrasjonalisering - Jonn Magnar Vignes - Finnøy
062/19	GNR 16 BNR 16 m.fl - dispensasjon - frådeling av bustad - Kåre Vestbø - Finnøy
063/19	GNR 32 BNR 63 - dispensasjon - arealoverføring - Leif Thorsen - Sæbøvegen 23 - Fogn
064/19	GNR 33 BNR 1 - nydyrking av myr - Birger Bøe - Fogn
065/19	GNR 44 BNR 5 - Dispensasjon - søknad om frådeling av bustad - Per Gunnar Lindanger - Ombo
066/19	GNR 84 BNR 23 - Dispensasjon og rammeløyve - lagerbygg - Mona og Svein Langeland - Halsnøy
067/19	Detaljregulering Reilstad
068/19	Høyring av kommuneplan for Finnøy kommune 2019-2029 – drøftingsmøte og motsegn til arealinnspel

056/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Innkalling og sakliste vert godkjend slik dei ligg føre.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 056/19 VEDTAK :

Innkalling og sakliste vart godkjend slik dei låg føre.

057/19: Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Møteprotokollen vert godkjend slik den ligg føre.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 057/19 VEDTAK :

Møteprotokollen vart godkjend slik den låg føre.

058/19: Delegasjonsaker

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Delegasjonssakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 058/19 VEDTAK :

Delegasjonssakene vart tekne til orientering slik dei låg føre.

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om dispensasjon for oppføring av naust, brygge og servicebygg på gnr. 24, bnr. 1, vert avslått.

Vedtaket er heimla i gjeldande kommuneplan.

Forvaltningsstyret 21.05.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Kai Petter Flesjå, SP
Saka vert utsett i påvente av synfaring.

Framlegget fremja av Kai Petter Flesjå (SP) vart samrøystes vedteke.

FOR- 051/19 VEDTAK :

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Arnt Ove Rødne, H
Forvaltningsstyret i Finnøy vurderer å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan og § 1-8 i pbl. til oppføring av naust, brygge og servicebygg på gnr. 24, bnr. 1, som omsøkt.

Forvaltningsstyret har vore på synfaring og ser det som positivt at tiltaket vil leggja betre til rette for allmenta. Samtidig meiner forvaltningsstyret at det er positivt å ta i bruk gamle murar. Tiltak knytt til brygge må sjåast som restaureringsarbeid. Tiltak som omsøkt vert vurdert av forvaltningsstyret som godt landskapstilpasset.

Saka vert sendt på høyring.

Framlegget framja av Arnt Ove Rødne (H) vert samrøystes vedteke.

FOR- 059/19 VEDTAK :

Forvaltningsstyret i Finnøy vurderer å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan og § 1-8 i pbl. til oppføring av naust, brygge og servicebygg på gnr. 24, bnr. 1, som omsøkt.

Forvaltningsstyret har vore på synfaring og ser det som positivt at tiltaket vil leggja betre til rette for allmenta. Samtidig meiner forvaltningsstyret at det er positivt å ta i bruk gamle murar. Tiltak knytt til brygge må sjåast som restaureringsarbeid. Tiltak som omsøkt vert vurdert av forvaltningsstyret som godt landskapstilpasset.

Saka vert sendt på høyring.

060/19: GNR 15 BNR 1 - Deling av eigedom - dispensasjon - Hesby Auto AS - Finnøy

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om deling av eigedom gnr . 15, bnr. 1 vert avslått.

Vedtaket er heimla i gjeldande kommuneplan og §19-2 i pbl.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Olav Halsne, KRF
Saka vert utsett i påvente av synfaring.

Framlegget fremja av Olav Halsne (KRF) vart samrøystes vedteke.

FOR- 060/19 VEDTAK :

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

061/19: GNR 9 BNR 6 - dispensasjon - frådeling av bustader ved bruksrasjonalisering - Jonn Magnar Vignes - Finnøy

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Finnøy kommune vurderer å gi dispensasjon til frådeling av to eksisterande bustader i samband med bruksrasjonalisering av landbrukseigedom gnr. 9 bnr. 6.

Saka vart sendt på høyring.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 061/19 VEDTAK :

Finnøy kommune vurderer å gi dispensasjon til frådeling av to eksisterande bustader i samband med

bruksrasjonalisering av landbrukseigedomen gnr. 9 bnr. 6.

Saka vart sendt på høyring.

062/19: GNR 16 BNR 16 m.fl - dispensasjon - frådelling av bustad - Kåre Vestbø - Finnøy

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om dispensasjon til frådelling av eksisterande bustad og tomt frå gnr. 16 bnr.16 m.fl vert avslått.

Vedtaket er heimla i gjeldande kommuneplan og plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderingane og konklusjonen i saka.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Eli Lindanger, SP
Saka vert utsett i påvente av synfaring.

Framlegget fremja av Eli Lindanger (SP) vart vedteke med 7 røyster (SP, AP, V, H, Reidunn Østhus (KRF)).

FOR- 062/19 VEDTAK :

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

063/19: GNR 32 BNR 63 - dispensasjon - arealoverføring - Leif Thorsen - Sæbøvegen 23 - Fogn

Ugild

Reidunn Østhus

Vara

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om dispensasjon til arealoverføring av om lag 0,4 daa frå gnr. 32 bnr. 20 til bustadeigedomen gnr. 32 bnr. 63 vert avslått.

Vedtaket er heimla i gjeldande kommuneplan og plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderingane og konklusjonen i saka.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Eline Wolden Bersagel, V
Forvaltningsstyret sendar saka tilbake til administrasjonen og ber om meir utfyllande informasjon vedrørande vegtraséar i området.

*Reidunn Østhus (KRF) stilte spørsmål om sin habilitet, jf. forvaltningslova 6b.
Forvaltningsstyret vurderte ho som ugild.
Det møtte ikkje vara.*

Framlegget fremja av Eline Wolden Bersagel (V) vart samrøystes vedteke.

FOR- 063/19 VEDTAK :

Forvaltningsstyret sendar saka tilbake til administrasjonen og ber om meir utfyllande informasjon vedrørande vegtraséar i området.

064/19: GNR 33 BNR 1 - nydyrking av myr - Birger Bøe - Fogn

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om løyve til nydyrking av myr med eit areal på 15 daa på gnr. 33 bnr. 1. vert avslått.

Vedtaket er heimla i Forskrift om nydyrking § 1 og § 5.

Grunngjeving går fram av vurderingane og konklusjonen i saka.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Inger Auestad Havn, AP
Etter forskrift om nydyrking gjer forvaltningsstyret i Finnøy kommune Birger Bøe løyve til nydyrking av eit areal på inntil 15 dekar på gnr. 33 bnr. 1.

Det vil være ein driftsmessig god løysing og dyrke opp eit avgrensa område med myr for å sikre eigen grovfôrproduksjon. I nærliggjande areal er det òg myr som vil fungera som ein biotop i området for å ivareta insekter og dyreliv.

Det setjast følgjande vilkår for nydyrkinga:

- Dyrking skal gjerast ved omgraving og profilering.
- Det skal ikkje dyrkast areal utanfor avmerka areal på kart, datert 30.01.2019.
Vegetasjonsone mot alle bekk og vatn skal vere min. 6 meter brei.

Framlegget fremja av Inger Auestad Havn (SP) vart samrøystes vedteke.

FOR- 064/19 VEDTAK :

Etter forskrift om nydyrking gjer forvaltningsstyret i Finnøy kommune Birger Bøe løyve til nydyrking av eit areal på inntil 15 dekar på gnr. 33 bnr. 1.

Det vil være ein driftsmessig god løysing og dyrke opp eit avgrensa område med myr for å sikre eigen grovfôrproduksjon. I nærliggjande areal er det òg myr som vil fungera som ein biotop i området for å ivareta insekter og dyreliv.

Det setjast følgjande vilkår for nydyrkinga:

- Dyrking skal gjerast ved omgraving og profilering.
- Det skal ikkje dyrkast areal utanfor avmerka areal på kart, datert 30.01.2019. Vegetasjonssone mot alle bekk og vatn skal vere min. 6 meter brei.

065/19: GNR 44 BNR 5 - Dispensasjon - søknad om frådeling av bustad - Per Gunnar Lindanger - Ombo

Ugild

Eli Lindanger

Vara

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om dispensasjon for frådeling av bustad på gnr. 44, bnr. 5, vert avslått.

Vedtaket er heimla i gjeldande kommuneplan og §19-2 i pbl.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Olav Halsne, KRF

Forvaltningsstyret vurderer å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan til frådeling av bustad på gnr. 44, bnr. 5, i tråd med søknad.

Saka vert sendt på høyring.

Tiltaket er i tråd med busetting på ikkje-landfast øyar.

Eli Lindanger (SP) stilte spørsmål om sin habilitet, jf. forvaltningslova 6b. Forvaltningsstyret vurderte ho som ugild.

Det møtte ikkje vara.

Framlegget fremja av Olav vart vedteke med 4 røyster (KFR, AP, Rasmus Hidle (V)).

FOR- 065/19 VEDTAK :

Forvaltningsstyret vurderer å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan til frådelling av bustad på gnr. 44, bnr. 5, i tråd med søknad.

Saka vert sendt på høyring.

Tiltaket er i tråd med busetting på ikkje-landfast øyar.

066/19: GNR 84 BNR 23 - Dispensasjon og rammeløyve - lagerbygg - Mona og Svein Langeland - Halsnøy

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Søknad om rammeløyve for oppføring av lagerbygg på gnr. 84, bnr. 23, er godkjent.

Kommunen gir dispensasjon frå føremål i gjeldande kommuneplan, jf. plan- og bygningslova (pbl) §19-2.

Vilkår for løyve er at desse punkta vert oppfylt:

1. Plan- og bygningslova med forskrifter skal følgjast.
2. Arbeidet kan ikkje starte før dykk har søkt om – og vi har gitt – igangsettingsløyve.
3. Tinglyst avtale om utvida vegrett skal ligga føre.
4. Dispensasjon frå byggegrense og endra bruk av avkjørsel må søkjast om særskilt. Godkjent løyve frå Statens vegvesen skal ligga føre, før arbeida vert starta opp.
5. Dersom arbeidet ikkje vert sett igong innan tre år etter at løyvet er gitt, fell løyve bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt i meir enn to år.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 066/19 VEDTAK :

Søknad om rammeløyve for oppføring av lagerbygg på gnr. 84, bnr. 23, er godkjent.

Kommunen gir dispensasjon frå føremål i gjeldande kommuneplan, jf. plan- og bygningslova (pbl) §19-2.

Vilkår for løyve er at desse punkta vert oppfylt:

1. Plan- og bygningslova med forskrifter skal følgjast.
2. Arbeidet kan ikkje starte før dykk har søkt om – og vi har gitt – igangsettingsløyve.
3. Tinglyst avtale om utvida vegrett skal ligga føre.
4. Dispensasjon frå byggegrense og endra bruk av avkjørsel må søkjast om særskilt. Godkjent løyve frå Statens vegvesen skal ligga føre, før arbeida vert starta opp.
5. Dersom arbeidet ikkje vert sett igong innan tre år etter at løyvet er gitt, fell løyve bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt i meir enn to år.

067/19: Detaljregulering Reilstad

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Framlegg til reguleringsplan for Reilstad med plankart datert Norconsult 11.08.2014, sist revidert Finnøy kommune 30.04.2019, og føresegner datert Norconsult 25.09.2014, sist revidert Finnøy kommune 16.05.2019, blir vedteken.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 067/19 VEDTAK :

Framlegg til reguleringsplan for Reilstad med plankart datert Norconsult 11.08.2014, sist revidert Finnøy kommune 30.04.2019, og føresegner datert Norconsult 25.09.2014, sist revidert Finnøy kommune 16.05.2019, blir vedteken.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

068/19: Høyring av kommuneplan for Finnøy kommune 2019-2029 – drøftingsmøte og motsegn til arealinnspelet

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Forvaltningsstyret sluttar seg til rådmannen sine vurderingar av behovet for å redusere omfanget av motsegner for at kommunestyret skal kunne vedta arealdelen i denne kommunestyre-perioden. Motsegn til innspel 10, 32, 33, 38, 43, 74, 87, 89 tas til følge. Motsegn til innspel 44 og innspel 88, 90, 91 og 92 tas delvis til følge.

Forvaltningsstyret 12.06.2019:

Handsaming:

Framlegg, fremja av Arnt Ove Rødne, H

Forvaltningsstyret i Finnøy står på sitt vedtak fra 21. mai 2019, og ynskjer ikkje å ta fleire innspill ut av kommuneplanarbeidet før ein evt. mekling med fylkesmannen/fylkeskommunen i august.

Framlegget fremja av Arnt Ove Rødne (H) vart samrøystes vedteke.

FOR- 068/19 VEDTAK :

Forvaltningsstyret i Finnøy står på sitt vedtak fra 21. mai 2019, og ynskjer ikkje å ta fleire innspill ut av kommuneplanarbeidet før ein evt. mekling med fylkesmannen/fylkeskommunen i august.